



Eva Gyørgyi Megyesi ved orgelet i Uskedal kyrkje

I Uskedal kyrkje søndag 1. påskedag fekk vi høyra liturg Kristian Due og organist Eva Gyørgi Megyesi i vekselvis lovsong.

Vi kan ikkje minnst å ha høyrt dette før i Uskedalen. Det var vakkert og stemningsfullt



Kristian Due på preikestolen i Uskedal kyrkje påskedagen

Lovsong eller gloria er fast i alle gudstenester (ikkje i fastetida).
 Det kjem etter kyrkjelyden syng Kyrie eleison.
 Til vanleg syng ein berre ... *og fred på jorda* som er ein forkorta versjon.
 På høgtidgudstenester er det høve til å bruka den fullstendige lovsongen.

Lovsongen vert til vanleg framført av kor/forsongargruppe
 i vekselsong med seg sjølv og med kyrkjelyden.
 Bruk av utvida lovsong set ekstra preg og høgtid på gudstenesta.

Tekst: Kristian Olav Bringedal
 Foto: Kristian Olav Bringedal og Ola Matti Mathisen